
Fra: Steinsvåg, Magnus Johan <fmhomjs@fylkesmannen.no>
Sendt: 24. september 2015 13:10
Til: Postmottak Meland
Emne: Fjerning av kantvegetasjon langs Mjåtveitelva

Meland kommune

Vi viser til bilete i e-post nedafor.

Som Meland kommune er godt opplyst om er livet i Mjåtveitelva sterkt prega av dei menneskelege aktivitetane i nærområdet. Bestanden av elvemusling som heilskap må seiast å vere utrydda, men det må framleis vere nokre få enkeltindivid att ettersom vi har funne elvemuslinglarvar på fisk i elva. I tråd med [Forskrift om rammer for vassforvaltninga](#) har vi som mål om at Mjåtveitelva også i framtida kan huse ein livskraftig populasjon av elvemusling. For å få dette til må både omsynet til vassdraget og vasskvaliteten betrast.

Det er derfor særleg viktig at kommunen og sørgjer for aktuelle arealplanar, med arealføremål og reglar knytt til området vert tatt omsyn til. Det vil også innebere at kommunen handterer/reagerer på eventuelle tiltak som er i strid med dette. Å fjerne vegetasjon langs Mjåtveitelva vil kunne vere skadeleg for elvemusling og anna liv i elva. Vi minner derfor om at fjerning av kantvegetasjon til vassdrag ikkje er lov utan løyve frå Fylkesmannen [jf Lov om vassdrag og grunnvatn § 11](#).

Ta gjerne kontakt med underteika om de har spørsmål.

Med helsing

Magnus Johan Steinsvåg
Seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
Miljøvern – og klimaavdelinga
Telefon: 55 57 23 25 / 97 12 19 60
www.fylkesmannen.no/hordaland

Fra: Frode Tufte [<mailto:frodetufte55@live.no>]
Sendt: 24. september 2015 11:45
Til: Steinsvåg, Magnus Johan <fmhomjs@fylkesmannen.no>; Kjetil Tufte <kjetuft@online.no>
Emne:

Hogst av minst 30 trær innenfor 15m vernesonen til Mjåtveielven. Bilder av gul springfrø funnet ved Mjåtveielven .



[VIS LYSBILDEFREMVISNING](#) [LAST NED ALLE](#)

Dette albumet har 8 bilder og vil være tilgjengelig på SkyDrive før 23.12.2015.

